



ULSTEIN KOMMUNE

# ULSTEINSKULEN MOT 2025



Strategi for kvalitet  
i grunnskulane i Ulstein



ULSTEINSKULEN MOT 2025

# Strategi for kvalitet i grunnskulane i Ulstein

*Ulsteinskulen mot 2025 - strategi for kvalitet* skal gje retning for skulane og SFO sitt arbeid mot 2025. Strategiplanen skal vere tydeleg på verdiane våre og visjonen som ligg til grunn for arbeidet vårt.

Strategien skal gje retning for arbeidet, men skal også opne for at nye moglegheiter kan vise seg i planperioden. Arbeidet i Ulsteinskulen skal vere i tråd med gjeldande læreplan og lovverk. Opplæringa skal bygge på opplæringslova sin formålsparagraf og dei verdiane som er uttrykte i overordna del av læreplanverket.

I skulane våre skal det vere godt å vere elev. Alle elevar skal oppleve meistring, fellesskap, utfordringar og kreativt, utforskande skapande arbeid. Vi har stort mangfald i skulane våre. Mangfaldet gir rike skulemiljø der elevane har moglegheit til å utvikle identiteten sin i eit inkluderande og mangfaldig fellesskap. I Ulsteinskulane skal elevane lære å ta vare på naturen og miljøet. Det skal vere rom for kritisk tenking, og

til å utvikle etisk medvit. Elevane i Ulstein skal få oppleve å medverke i skulekvardagen sin og dei skal få utvikle demokratisk forståing.

Skulefritidsordninga (SFO) skal bygge praksisen sin på rammeplan for skulefritidsordninga og på grunnleggande verdiar forankra i verdigrunnlaget i opplæringa. SFO skal legge til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar tilpassa borna som til ei kvar tid nyttar tilbodet. SFO-tilbodet skal fremje god fysisk og psykisk helse og tilføre barndommen gode opplevingar saman med andre. Innhaldet i strategiplanen gjeld for alt arbeid i skulen og i skulefritidsordninga.

I arbeidet med strategiplanen har elevar, tilsette, tillitsvalde og skulane sine rådsorgan vore medverkande.

<b>1. MÅLSETJINGAR .....</b>	<b>4</b>
<b>2. VERDIAR OG VISJON FOR ULSTEINSKULEN .....</b>	<b>5</b>
<b>3. TEIKN PÅ GOD PRAKSIS I ULSTEINSKULEN .....</b>	<b>6</b>
<b>3.1. Fire prinsipp for god praksis .....</b>	<b>7</b>
1. Trygt og godt læringsmiljø .....	7
2. Kreativitet, skaparkraft og læring .....	8
3. Elevmedverknad .....	9
4. Lærande profesjonsfellesskap .....	9
<b>4. SÆRLEGE FOKUSOMRÅDE I ULSTEINSKULEN .....</b>	<b>10</b>
4.1. Kreativ, skapande læring .....	11
4.2. Godt læringsmiljø .....	12
4.3. Lesing .....	12
4.4. Fornya læreplanar for Kunnskapsløftet .....	13
<b>5. SKULELEIINGA SI ROLLE I KVALITETSARBEIDET .....</b>	<b>14</b>
<b>6. KVALITETSSYSTEM I ULSTEINSKULEN .....</b>	<b>16</b>
6.1. System for kvalitetskontroll.....	17
6.2. Kvalitetsvurdering og skuleutvikling .....	17
6.3. Årleg tilstandsrapport .....	17
6.4. Skulane sine verksemdsplanar.....	18
6.5. Kvalitetsindikatorar .....	18

# 01

## Målsetjingar

Strategiplanen formulerer desse målsetjingane for arbeidet i skulane.

- ▶ Elevane skal oppleve trygge og gode læringsmiljø i skule og SFO.
- ▶ Elevane skal oppleve god tilpassa opplæring som møter deira behov.
- ▶ Elevane skal lære gjennom å få vere kreative, skapande og utforskande.
- ▶ Elevane skal oppleve å ta ut potensialet sitt innanfor rammene av skulefelleskapet.
- ▶ Skulane skal samarbeide tett med føre-sette, arbeidsliv og lokalsamfunn.
- ▶ Dei tilsette i skulane skal delta i profesjonelle læringsfelleskap som saman utviklar Ulsteinskulen.



# 02

## Verdiar og visjon for Ulsteinskulen

Alle elevar i Ulsteinskulen skal oppleve å høyre til i eit trygt og godt læringsmiljø på sin skule. Vi skal vere saman om meistring og mangfald! Skulane i Ulstein skal møte elevane med tillit, respekt og krav og gje dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Elevane skal oppleve samanheng og meistring gjennom heile læringsløpet.

Overordna del av læreplanen uttrykkjer kva verdiar som samlar Noreg som samfunn. Desse verdiane er grunnmuren i skulen. Formålet med opplæringa er at ho skal opne dører mot verda og framtida. Elevane skal utvikle kompetanse slik at dei kan meistre liva sine for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Elevane skal få utfalde seg med skaparglede, engasjement og utforskartrong.

Verdiane skal gjerast levande og gi meining for kvar enkelt elev i skulen gjennom utvikling av haldningar og kompetanse. Verdiane skal prege skulane sitt arbeid, og eleven sitt beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn. Fram mot 2025 skal kvar av skulane i Ulstein utarbeide ein eigen lokal visjon. Visjonen skal vere samlande og noko å strekkje seg mot i planarbeid, utviklingsarbeid og i det daglege arbeidet i skulen.


# 03

## Teikn på god praksis i Ulsteinskulen

Målsetjingane for Ulsteinskulen skal verte synlege gjennom godt læring-sarbeid. Teikn på god praksis i Ulsteinskulen skal på ein enkel og kortfatta måte skildre korleis vi ønskjer at Ulsteinskulen skal verte opplevd.

Elevane i Ulsteinskulen skal verte møtt med tillit, respekt og krav. Dei skal få utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Dei tilsette i Ulsteinskulen må i samarbeid med elevar, føresette og samfunnet rundt oss bygge gode læringsmiljø og tilpasse undervisninga for å møte behova til eleven og samfunnet.

Skulane i Ulstein er lærande organisasjonar og jobbar systematisk for å utvikle seg. Utviklingsarbeidet skjer i samarbeid med skulen sine samarbeidspartnarar, næringsliv, lokalsamfunn og føresette.



### SKULEN ER EIN LÆRANDE ORGANISASJON NÅR VI

- ▶ utviklar og jobbar etter ein felles visjon med utgangspunkt i eleven si læring
- ▶ legg til rette for og støttar profesjonell læring for alle våre tilsette
- ▶ dyrkar og legg til rette for teamlæring og samarbeid for alle våre tilsette
- ▶ skapar kultur for utvikling, innovasjon og utprøving, og med det stadig betrar vår eigen praksis
- ▶ hentar inn og deler ny kunnskap og læring - kapasitetsbygging
- ▶ lærer saman med våre samarbeidspartnarar - nettverk
- ▶ modellerer og praktiserer leiarskap basert på kontinuerleg læring

## 3.1. Fire prinsipp for god praksis

### 1. TRYGT OG GODT LÆRINGSMILJØ

Skulen skal arbeide for å utvikle eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Eit raust og støttande læringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevane vert oppmuntra og stimulert til fagleg og sosial utvikling. Trygge læringsmiljø vert utvikla og oppretthaldt av tydelege og omsorgsfulle vaksne, i samarbeid med elevane.

Dei tilsette på skulen, føresette og elevane har saman eit ansvar for å fremje helse, trivsel og læring, og for å førebygge mobbing og krenkingar.

God og tillitsfull dialog er eit gjensidig ansvar. Skulen må difor kommunisere tydeleg og relasjonsskapande med heimane om partane sitt ansvar, forventningar og rettar.

#### Slik vil vi at læringsmiljøet skal vere i skule og SFO:



#### Elevperspektivet

- ▶ Vi oppmuntrar og seier positive ting om kvarandre.
- ▶ Vi vil ikkje ha mobbing på skulen.
- ▶ Vi skal våge å seie kva vi meiner og lære av feila våre.
- ▶ Vi som er elevar må kunne stole på dei vaksne og kunne fortelje korleis vi har det på skulen.
- ▶ Vi vil ha lærarar som er snille og omtenksame, som har sans for humor og rettferd.
- ▶ Vi som er elevar skal støtte, hjelpe og snakke godt om kvarandre.



#### Foreldre/føresetteperspektiv

- ▶ Vi vil at læringsmiljøet skal vere prega av tillit og positivt samspel mellom alle på skulen.
- ▶ Vi vil ha inkluderande miljø som tillèt at alle har ulike styrkar som alle kan få utvikle vidare.
- ▶ Vi vil at skulen skal arbeide systematisk med å skape ein trygg og god skulekvardag for alle elvar.
- ▶ Vi vil at skulen inviterer til samarbeid om eit godt læringsmiljø.



#### Skulen sitt perspektiv

- ▶ Vi vil at alle elevar skal oppleve å verte sett, ha trygge rammer rundt seg og ha gode relasjonar til dei andre på skulen.
- ▶ Vi vil at læringsmiljøet skal vere prega av positivitet og energi.
- ▶ Vi vil at alle elevar skal få vere den beste utgåva av seg sjølv.
- ▶ Vi vil at elevane skal verte både støtta og utfordra.
- ▶ Vi vil samarbeide med heimane om å skape eit godt læringsmiljø.

## 2. KREATIVITET, SKAPARKRAFT OG LÆRING

Å fremje og stimulere til kreativitet er viktig i arbeidet med å styrke elevane som aktørar i eige liv og i samfunnsutviklinga. Dei fleste av elevane vil måtte bytte yrke fleire gongar. Mange yrke vil forsvinne. Nye må skapast. Innanfor yrka må nye løysingar tenkast ut. Dette heng også saman med kritisk tenking - evne til nytenking. I Ulsteinskulen skal elevane få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng. Elevane skal også få erfaring med å sjå kva som kan vere mogleg og omsetje idear til handling.

Skulane vil legge til rette for at elevar får utforske, oppdage og skape, og ha respekt for og legge til rette for at elevar lærer på ulike måtar. Barn og unge er nysgjerrige og ønskjer å oppdage og skape. Evna til å stille spørsmål, utforske og eksperimentere er viktig for djupnelæring. Elevane skal lære og utvikle seg gjennom sansing og tenking, estetiske uttrykksformer og praktiske aktivitetar.

### Slik vil vi jobbe med kreativitet, skaparkraft og læring:



#### Elevperspektiv

- ▶ Vi vil møte variasjon når vi jobbar og ikkje berre sitte og skrive i boka for å verte ferdig.
- ▶ Vi vil at lærarane er kreative og som hjelper oss å tenke utanfor boksen.
- ▶ Vi vil jobbe praktisk i fag fordi det er gøy å skape ting sjølv.
- ▶ Vi vil at lærarane skal sjå oss og gje oss oppgåver som vi kan meistre.



#### Foreldre/føresetteperspektiv

- ▶ Vi vil at skulen legg til rette for arbeidsmåtar som er varierte, utforskande og kreative.
- ▶ Vi vil at skulen skaper læringsglede gjennom leik, undring og utfalding.
- ▶ Vi vil at skulen nyttar dei digitale moglegheitene i nye og kreativ læringsarenaer.
- ▶ Vi vil at elevane får rom til å lære i ulike omgivnader.



#### Skulen sitt perspektiv

- ▶ Vi vil at elevane skal få jobbe med problemstillingar basert på kjende og ukjende lærings situasjonar.
- ▶ Vi vil at elevane skal få undre, utforske, skape og vere nysgjerrige.
- ▶ Vi vil at elevane skal få vere aktive i si eiga læring prega av leik, praktiske aktivitetar, samarbeid og kreativitet.

### 3. ELEV MEDVERKNAD

Elevane skal få medverke og ta medansvar i læringsfellesskapet dei deltek på i. Fellesskapet vert skapt gjennom gode relasjonar og fellesskapsprosessar i klassa eller på skulen. Elevane skal få reflektere over eiga læring for å stegvis utvikle forståing for læringsprosessane dei er ein del av. Dei skal verte høyrde undervegs i læringsarbeidet slik at dei møter tilpassa undervisning. Læraren skal i undervisninga si støtte og rettlege elevane til å kunne setje seg mål, velje eigna framgangsmåtar og vurdere si eiga utvikling. Skulane skal planleggje for ein god samanheng i læringa til elevane i dei ulike faga og for at opplæringa vert opplevd som både overkommeleg og tilstrekkeleg utfordrande.

#### Slik vil vi at elevene får medverke i skule og SFO:



#### Elevperspektiv

- ▶ Vi vil vere med å bestemme og påverke og hjelpe til.
- ▶ Vi vil at læraren og dei vaksne spør oss om korleis vi vil jobbe for å lære.
- ▶ Vi vil at dei vaksne på skulen spør elevar om idear og at elevane kan seie ifrå om det er noko.
- ▶ Vi vil at vi får kome med innspel på kva vi meiner er viktig og at vi vert høyrte av dei vaksne.



#### Foreldre/føresettperspektiv

- ▶ Vi vil at elevane skal få moglegheit til å påverke si eiga læring.
- ▶ Vi vil at elevane skal oppleve å verkeleg verte høyrde.
- ▶ Vi vil at elevane skal få vere med på å skape eit positivt skulemiljø.
- ▶ Vi vil at elevane får medverke slik at skulekvardagen er bygd rundt elevane sine premisser.



#### Skulen sitt perspektiv

- ▶ Vi vil at elevane skal få seie meininga si og ha faktisk medverknad i skulekvardagen.
- ▶ Vi vil at elevane er tydelege aktørar i si eiga læring.
- ▶ Vi vil at elevane skal oppleve å verte tekne på alvor i alle situasjonar.
- ▶ Vi vil setje av tid til at elevane skal få utvikle seg gjennom kommunikasjon og dialog.
- ▶ Vi vil at elevane skal få oppleve at opplæringa skjer på deira premisser.

## 4. LÆRANDE PROFESJONSFELLESSKAP

Ulsteinskulen skal vere eit lærande profesjonsfellesskap der skulen sine tilsette saman reflekterer over felles verdiar, og saman vurderer og vidareutviklar sin praksis.

### Slik vil vi at skulane i Ulstein skal jobbe for å utvikle seg:



#### Eleversperspektiv

- ▶ Vi vil oppleve at lærarane og dei andre som jobbar på skulen samarbeider godt.
- ▶ Vi vil møte vaksne som er kreative og som kan gjere læring kjekt.
- ▶ Vi vil at alle på skulen skal lytte til andre.
- ▶ Vi vil at dei som jobbar på skulen og SFO tenkjer over i lag kva vi elevane treng.



#### Foreldre/føresetteperspektiv

- ▶ Vi vil at dei som jobbar i Ulsteinskulen skal vere oppdaterte og interesserte i skuleforskning.
- ▶ Vi vil oppleve ein skule med samarbeid og samanheng mellom trinn og skule, både i eleven si faglege og sosiale utvikling.
- ▶ Vi vil oppleve at Ulsteinskulen jobbar ut frå felles målsetjingar.
- ▶ Vi vil at Ulsteinskulen skal vere opptekne av at vi føresette skal kjenne oss trygge i møte med skulen.



#### Skulen sitt perspektiv

- ▶ Vi vil at alle våre tilsette deltek i kontinuerleg profesjonell læring.
- ▶ Vi vil at utviklingsarbeidet til skulane er retta mot eleven si læring og skulen sine målsetjingar.
- ▶ Vi vil vere engasjerte i å identifisere mål og prioriteringar for eiga fagleg læring.
- ▶ Vi vil ha ein kultur der det profesjonelle læringsfellesskapet utfordrar og vidareutviklar eksisterande praksis.
- ▶ Vi vil at det vert sett av tid og ressursar for å støtte opp under profesjonell læring.

# 04



## Særlege fokusområde i Ulsteinskulen

Skulane i Ulstein kommune skal vere utviklingsorienterte og framoverlente. Skulane har målsetjing om å vere lærande organisasjonar der leiinga og skulen sine tilsette samarbeider om kvalitetsutviklingsarbeid gjennom skulebasert kompetanseutvikling.

## 4.1. Kreativ, skapande læring

Ulsteinskulen skal la elevane få utfalde seg med skaparglede og utforskartrøng. Elevane skal få erfaring med å la idear vekse fram gjennom skapande prosessar. Kunst og kultur er svært viktig for alle samfunn. Å utvikle estetisk sans skjer i møte med ulike kulturelle uttrykk og har stor verdi i utviklinga av eleven si personlege utvikling. Vi ønskjer at det i Ulsteinskulen skal vere fokus på skapande læringsprosessar der elevane si nysgjerrigheit og skaparkraft vert verdsett.

Teknologi har endra samfunnet vårt. Teknologi har også endra måten vi lærer, finn informasjon og samarbeider på. Teknologiskulesatsinga har lagt eit godt grunnlag og banar veg for kreativitet og skaparkraft gjennom digitale dugleikar. Elevane skal oppleve nye måtar å lære på, nye måtar å vere kreative på og nye måtar å samarbeide på. Elevane i skulane våre skal få

god opplæring i digital dømekraft og i det å ha god digital livsmeistring. Elevane skal gjennom skuleløpet lære seg å ha eit reflektert forhold til kjeldekritikk, personvern, opphavsrett, sosiale medium og kva utfordringar som møter dei som digitale borgarar. Elevane skal kjenne til farer og utfordringar, men også lære seg å sjå nye moglegheiter gjennom digital teknologi. Elevane i Ulsteinskulen skal bruke teknologi til å utforske og til å skape. Ulsteinskulen skal bruke teknologi i opplæringa slik at det skaper motivasjon og kreativitet. Våre tilsette har auka sin formelle profesjonsfaglege digitale kompetanse gjennom vidareutdanningsmodular. I åra framover skal Ulsteinskulen ta med seg erfaringane frå Teknologiskulesatsinga og bruke desse for å la elevane vere kreative og skapande.



## 4.2. Godt læringsmiljø

Godt læringsmiljø er ein føresetnad for læring. I Ulsteinskulen skal alle elevar oppleve å høyre til, dei skal oppleve eit skulemiljø fritt for krenkingar og mobbing. Skulane skal jobbe systematisk for å skape gode læringsmiljø prega av trygghet og inkludering. Skulane har eit klart og definert ansvar for å sikre alle elevar eit godt fysisk og psykososialt skulemiljø. Eit positivt skulemiljø vert ikkje til av seg sjølv, men vert skapt av gode relasjonar mellom elevar, og mellom elevar og dei tilsette ved skulen. Eit godt læringsmiljø føreset godt samarbeid med foreldre/føresette og med skulen sine rådsorgan.

Alle elevar har rett på eit godt skulemiljø. Retten til eit trygt og godt læringsmiljø gjeld i skule, SFO og på leksehjelp.

Dei tilsette ved skulane har plikt til å følgje med og gripe inn dersom dei ser, eller har mistanke, om at ein elev som vert mobba eller krenka. Skulane skal setje inn tiltak som stoppar mobbinga eller krenkinga av eleven.

Skulane i Ulstein har egne planar for positivt skulemiljø. Desse planane inneheld informasjon om skulane sitt førebyggjande arbeid og rutinar for arbeid med godt læringsmiljø. Planane inneheld også informasjon om korleis skulane handsamar saker etter §9a i opplæringslova.

## 4.3. Lesing

Lese- og skrivekompetanse dannar grunnlaget for læring og utvikling i alle fag. Skulane i Ulstein skal fram mot 2025 ta del i eit regionalt utviklingsprosjekt på lesing. I satsinga skal dei tilsette ved skulane dele erfaringar, få fagleg støtte og fagleg oppdatering frå akademia, dei skal nytte den nyaste forskinga som grunnlag for refleksjon og utprøving. Lesesenteret sine ressursar er tilgjengelege for våre tilsette og vil i satsinga levere kompetansepakkar som dei skal nytte for å utvikle ny og enno betre praksis.

### Satsinga på lesing har desse målsetjingane:

- ▶ Utvikle leseglede og lesemotivasjon hos elevane.
- ▶ Sikre samsvarande progresjon og innhald i lese- og skriveopplæringa.
- ▶ Sikre at lese- og skriveopplæringa går føre seg i alle fag.
- ▶ Gje merksemd og forventningar til den avgjerande innsatsen til foreldre/føresette gjennom gode strukturar for kommunikasjon og

løpande praktisk samarbeid rundt opplæringa.

- ▶ Etablere nettverk for vidare utvikling av lese- og skriveopplæringa.
- ▶ Sikre forståing for at arbeidet med lærestrategiar i alle fag gir betre grunnlag for djup læring og viktig variasjon i undervisninga.
- ▶ Sikre at opplæringa baserer seg på forskning, og slik trygger best mogleg utvikling for flest mogleg elevar.
- ▶ Sikre at alle skulane er gode på førebygging av lese- og skrivevanskar, og følgjer ei fast tiltaksrekke når vanskar oppstår.


## 4.4. Forna læreplanar for Kunnskapsløftet

Grunnskulane i Ulstein tek no i bruk nye læreplanar for Kunnskapsløftet. Læreplanen skal føre til ei fornying av innhaldet i faga. Målet med nye læreplanar er at elevane skal få betre moglegheiter til djupare læring og betre forståing av det dei lærer. Progresjonen i opplæringsløpet og samanhengen mellom fag skal betrast.

Skulane og lærarane skal legge til rette for at elevane tileignar seg solid fagleg kunnskap og forståing, betre grunnleggande dugleikar og større evne til å nytte det dei har lært i ulike samanhengar. Alt dette materialisert gjennom eit nytt kompetanseomgrep «Kompetanse er å kunne tileigne seg og nytte kunnskapar og ferdigheiter til å meistre utfordringar og løyse oppgåver i kjende og ukjende samanhengar og situasjonar. Kompetanse inneber forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking».

Forståing av kompetanseomgrepet må liggje til grunn for skulane sitt arbeid med læreplanar og vurderinga av den faglege kompetansen til elevane. Kompetansemåla i faga må verte sett i samanheng med kvarandre i og på tvers av fag. Kompetansemåla må også verte forstått i lys av formålspargrafen og dei andre delane av læreplanverket.

Arbeidet med innføring av ny læreplan er omfattande og tidkrevjande. Ulsteinskulane skal i sitt arbeid med nye læreplanar for Kunnskapsløftet jobbe med å fornye innhaldet. Målet er at nye læreplanar for Kunnskapsløftet skal opplevast og realiserast i møtet mellom skulen sin praksis og elevane si læring.



# 05

## Skuleleiinga si rolle i kvalitetsarbeidet

Utvikling av kvalitet skjer gjennom systematisk og målretta utviklingsarbeid. Kvalitetsarbeid er ein læringsprosess der du aldri kjem heilt i mål. Det er difor viktig at leiinga ved skulane legg til rette for prosessar prega av samanheng og kontinuitet, der det vert nytta ulike verkty for å sjå resultat frå ulike prosessar i samanheng. Måla må vere tydeleg formulert, og skulen sine aktørar må samarbeide om å nå måla. Ikkje minst er det viktig å ha ei opa og undersøkjande tilnærming til arbeidet.

Skulen si leiing skal gje retning for det pedagogiske arbeidet på skulen der både eleven og læraren si læring og utvikling skal stå sentralt. Leiinga ved kvar skule skal gjennom systematisk kvalitetsarbeid utvikle stabile og positive miljø der læring og trivsel for alle står sentralt. Leiinga skal legge til rette for at alle får yte sitt beste.

### Slik ser god skuleleiing ut i Ulstein kommune:

- ▶ Utviklar felles plattform for det pedagogiske arbeidet i skulen.
  - ▶ Set opp mål for heilskapleg utvikling av skule og SFO.
  - ▶ Nyttar resultat frå nasjonale prøver, kartleggingar, karakterresultat og brukarundersøkingar inn i utviklingsarbeidet.
  - ▶ Følgjer opp skulen sine resultat i dialog med tilsette, elevar og foreldre/føresette, og set inn tiltak for å oppnå enno betre resultat.
- ▶ Ser til at læringsresultatet og den sosiale utviklinga for kvar ein skilde elev alltid er i fokus.
  - ▶ Legg til rette for og motiverer til utviklingsarbeid og nyskaping.
  - ▶ Følgjer opp skulen sine tilsette og gir tilbagemelding på utført arbeid.
  - ▶ Utviklar ein profesjonell organisasjon med brei kompetanse.
  - ▶ Legg til rette for at skulen er ein lærande organisasjon gjennom systematisk erfaringsdeling og eit kritisk undersøkjande blikk på eigen praksis.
  - ▶ Nytte forskning som grunnlag for utvikling av skulen.



# 06

## Kvalitetssystem i Ulsteinskulen

Skuleeigar, det vil seie utdanningsadministrasjonen og politikarane i Ulstein kommune, har ansvar for å følgje opp og betre kvaliteten på opplæringa gjennom å vere i tett dialog med skulane. Styringsdialogen har som mål å legge til rette for gode tenester, god ressursbruk og systematisk utvikling av skulane.

## 6.1. System for kvalitetskontroll

Kommunen og skuleeigaren skal etter § 2-12 i opplæringslova ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova vert oppfylte. Kommunen skal etter § 2-12 ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det verte utarbeidd ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar, dvs. kommunestyret.

I tillegg til å følgje desse krava, vil skulesektoren vere tent med openheit og dialog rundt skulen si verksemd. Skuleeigar får

betre kvalitet på styringsinformasjonen gjennom systematisk dokumentasjon. Openheit og dialog gjennom nivåa i skulesektoren er avgjerande for å drive eit kvalitetsarbeid som skal kunne lykkast i å nå måla om gode læringsresultat og godt læringsmiljø.

I Ulstein kommune sitt system for kvalitetsutvikling er det lagt inn årshjul for kvalitetsutviklingsarbeidet og skuleeigardialogen i Ulstein. Vidare er det utarbeidd sjekkliste for kvalitetsvurdering etter opplæringslova. Sjekklista vert løpande revidert.

## 6.2. Kvalitetsvurdering og skuleutvikling

Skuleeigar føreset at alle skular sin praksis er i tråd med opplæringslova, forskrifter til opplæringslova, gjeldande læreplan og Ulstein kommune sine retningslinjer slik dei er skildra i system for kvalitetskontroll.

I kvalitetsutviklingsarbeid er det viktig å ha kjennskap til ulike kvalitetsindikatorar på læringsutbytte og elevane sin trivsel og å nytte analyseverktøy dette arbeidet.

## 6.3. Årleg tilstandsrapport

Den årlege kvalitetsmeldinga/tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål. Kvalitetsmeldinga skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skuleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det blir vert gjort vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva målsetjingar hos skuleeigaren og skulane som danner grunnlag for vurderinga.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og faglege utvikling. artlegging av elevane sitt ferdighetsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er sentral.

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstill informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skule eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren.

Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det vert stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skulen og mellom skulane og resultatane i dialogen med skuleeigaren.

Skuleeigarane si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskulelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skuleeigaren har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten sitt minimum skal dekkje

## 6.4. Skulane sine verksemdsplanar

Skulane i Ulstein lagar kvart år verksemdsplanar som skildrar skulen sine mål og korleis skulen vil jobbe for å nå lokale og nasjonale målsetjingar. Verksemdsplanen skal også innehalde

informasjon om skulen si organisering og korleis skulen sine rådsorgan er sett saman.

## 6.5. Kvalitetsindikatorar

Skulane i Ulstein skal bruke informasjon frå kartleggingar, undersøkingar, nasjonale prøver, karaktersnitt og eksamensresultat for å vurdere og betre praksis. Indikatorane gir nyttig og objektiv informasjon om læringsutbyttet og trivselen til elevane.

### Kjelder til informasjon

- ▶ Elevundersøkinga frå Utdanningsdirektoratet
- ▶ Foreldreundersøkinga frå Utdanningsdirektoratet
- ▶ Brukarundersøkingar (10-faktor, Bedre kommune)
- ▶ Resultat frå nasjonale prøver 5., 8. og 9. trinn.
- ▶ Grunnskulepoeng
- ▶ Eksamensresultat
- ▶ Skolebidragsindikator





ULSTEIN KOMMUNE

6065 Ulsteinvik  
Tlf. 70 01 75 00  
[www.ulstein.kommune.no](http://www.ulstein.kommune.no)

 [facebook.com/ulsteinkommune](https://facebook.com/ulsteinkommune)

 [instagram.com/ulsteinkommune](https://instagram.com/ulsteinkommune)